



**8 skarvar sat urørlege i lang tid på tråden over til Flatholm, men da vi kom med kamera hadde 3 gjeve opp og sagt takk for seg. Storskarven (for det var det vel?) går for å vera den beste dykkaren i havet fordi fjørdrakta suger vatn i motsetnad til andre dykkarar som er vassavstøytande.**

Skarv er funne i ein breiflabbmage på 65 meters djup og er observert mens den forfølger ein stim med makrell. Den er svært sky og endrar retning på mange hundre meters hald om den vert mistenksom. Skarven er i ein familie av pelikanfuglar. Den hekkar på klipper eller i tre ved kysten og også ved større innsjøar og er å finna dei fleste stader i verda.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

